

LURE - NYSTAUL og SKIRVEDALEN.

Gamletida.

Frå uminnelege tider har fjelldalane vore verdifulle for bygdene. Ofte betydde fjelleigedomen meir enn sjølve garden heime.

Her oppe henta dei mat til både folk og fe, gjennom jakt og fiske, seterstell og seterslått.

Frå Skirvestaulen i sør og til Lurestaulen i nord ligg det 70-80 setrar som har vore meir og mindre i bruk. Heilt fram til krigs-åra(1940 åra), var det "staulsdrift" på mange av setrane.

Seterlivet var nok ikkje berre "Seterjentens søndag". Det var i mange høve kort og godt livberging. Alt som skulle til og frå setra - og då er det gjennom år snakk om 100-vis av tonn - måtte berast på ryggen til hest og folk på stigar over ås og fjell.

Men budeier og hjuringar med kulokk, og seterbuskapen med bjølleklang, skapte liv i seterdalen.

Hamskifte.

I 1961 vart vegen over til Veggli opna. Denne vegen betydde eit tidsskifte for seterdalane. Turistferdsla og hyttebygging tok plassen til det livet som var der eingong.

Den nye tida.

Etter kvart vart det utarbeid godkjente hytte-planar som no er utbygde og under utbygging. I tillegg til seterbuene så er det bygd over 500 hytter i tilknytning til vegen. Det ligg og ferdige planar for mange fleir. Dette er bakgrunn til framdrift av både kafedrift og fjellkyrkje.

Både hyttefolk og bygdefolk har ynskt oppkøyrde skiløyper. No er det arbeid opp ca 70 km. skiløyper som blir halde opne heile vinteren.